



Hordaland fylkeskommune

Arkivsakid-doknr:	17/126-24	Saksh:	Monica Hagen Hereid	Arkivkode	Dykkar ref.	Dato:
Journalpostid:	18/2631	Telefon:	53 67 35 37	K1 - 026		30.05.2018

Melding om vedtak - Ny handsaming - Sal av aksjar - Hardangerbrua AS

Eidfjord kommunestyre - 18/025:

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

1. Eidfjord kommune sel sine aksjar i Hardangerbrua As til nytt regionalt
bompengeselskap Ferde AS.
2. Eidfjord kommune godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer å sjå på eit
passeringstak på nytt, eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS.
3. Eidfjord kommune legg til grunn at det vert ei snarleg evaluering, dersom
endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

Med venleg helsing
Eidfjord kommune

Monica Hagen Hereid
sakshandsamar

Kopi til arkiv og kopibok



EIDFJORD KOMMUNE

Arkiv: K1 - 026
Arkivsak ID: 17/126 - 21
Journalpost ID: 2018002443
Saksh.: Underhaug, Geir
Dato: 22.05.2018

Styre, utval, komite m.m	Møtedato	Saknr
Eidfjord kommunestyre	28.05.2018	18/025

Ny handsaming - Sal av aksjar - Hardangerbrua AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eidfjord kommune sel sine aksjar i Hardangerbrua AS til nytt regionalt bompengeselskap.

Føresetnader fort salet:

1. Det vert gjort ei ny vurdering av takst- og rabattsystem. Systemet må justerast for dei konsekvensar det har for lokaltrafikken.
2. Evalueringa av det nye takst- og rabattsistemet må gjennomførast som beskrive frå Hordaland fylkeskommune. Dersom omlegginga medfører nedgang i trafikk og inntekter til Hardangerbrua, må dette kompenserast. Det er ikkje akseptabelt med auke i nedbetalingstid eller auke i takstar for å dekke inn ein slik reduksjon i inntekter.

28.05.2018 - Eidfjord kommunestyre

Framlegg frå ordførar Anved Johan Tveit:

1. Eidfjord kommune sel sine aksjar i Hardangerbrua As til nytt regionalt bompengeselskap Ferde AS.
2. Eidfjord kommune godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer å sjå på eit passeringstak på nytt, eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS.
3. Eidfjord kommune legg til grunn at det vert ei snarleg evaluering, dersom endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

KST - 18/025 - Vedtak:

1. Eidfjord kommune sel sine aksjar i Hardangerbrua As til nytt regionalt bompengeselskap Ferde AS.
2. Eidfjord kommune godkjenner nytt takst- og rabattsystem, men ynskjer å sjå på eit passeringstak på nytt, eigarkommunane i lag med fylkeskommunen og Ferde AS.
3. Eidfjord kommune legg til grunn at det vert ei snarleg evaluering, dersom endringane fører til utilsikta økonomiske konsekvensar.

Vedlagt:

Særutskrift skal sendast til:

Endeleg avgjerd i: Eidfjord kommunestyre.

Saka gjeld:

Saka har vore handsama i kommunestyremøte 19.03.2018 og kjem no opp til ny handsaming grunna vedtak i generalforsamling i Hardangerbrua AS.

I samband med høyringa knytt til omorganiseringa av dei regionale bompengeselskape vedtok Eidfjord kommunestyre følgjande høyringsuttale:

1. Eidfjord kommune meiner at nytta takst- og rabattsystem ikkje på ein god nok måte ivaretek behovet for rabattar for pendlarane og anna lokaltrafikk, og vil ikkje kunne stille seg bak den skisserte omlegginga. Eidfjord kommune oppmodar Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen om finne løysingar i takst- og rabattsystemet som på ein betre måte ivaretek behovet for lokaltrafikk mellom kommunane.
2. Under føresetnad av at takst- og rabattsystemet vert tilpassa trafikkantar som beskrive over er Eidfjord kommune positiv til at bompengeselskapet i vår region går inn i det regionale bompengeselskapet.

Som det klar går fram av Eidfjord kommunestyre sitt vedtak om høyringsuttale er det ein føresetnads for å stille seg positiv til ei omorganisering av bompengeselskapet, at takstsystemet ikkje vert endra på ein slik måte at det straffar Eidfjord kommune sine innbyggjarar og dei som pendlar til/frå kommunen.

I samband med at det kom konkret tilbod frå Sørvest Bompengeselskap AS om kjøp av aksjane gjorde Eidfjord kommunestyre følgjande vedtak 18.12.2017:

Eidfjord kommune aksepterer ikkje tilbodet om å selje aksje i Hardangerbrua AS til Sørvest Bompengeselskap AS. Dersom det nye takst- og rabattsystemet som vert vedteke er i samsvar med Eidfjord kommune sitt høyringsinnspeil, kan ein vurdera sal på eit seinare tidspunkt.

Dei fleste øvrige Hardangerkommunar gjorde liknande vedtak. Saka har seinare vore drøfta i Hardangerrådet og i rådmannsformum i Hardanger. Rådmannsforum v/rådmann i Ulvik ba om møte med Hordaland fylkeskommunen v/fylkesrådmann, samt Statens vegvesen og slikt møte vart halde i Bergen den 31.januar. Der møtte Hardangerrådet v/Hans Petter Thorbjørnsen, rådmannsforum i Hardanger v/Thore Hopperstad, dagleg leiar i Hardangerrådet, Jostein Eitrheim og fleire av ordførarane i Hardanger. I møtet vart ankepunkt til kommunane i høve takst- og rabattordninga lagt fram og det vart i tillegg påpeika manglande involvering av kommunane i førebuande prosess omkring bompengereforma.

Fylkesrådmannen tok til orde for at takst- og rabattordninga kunne justerast og understreka samtidig at det er Stortinget som vedtek takst- og rabattnivået for offentleg kommunikasjon.

Vi har no motteke nytta forslag til takst- og rabattsystem. Dette er i nokon grad justert for dei innspela som kom i møtet mellom Hardangerrådet og fylkeskommunen, men langt frå fullt ut. Det er framleis den lokale trafikken som er mest skadelidande i høve til omlegginga, slik det vart påpeika i møtet.

Vurdering:

Vi har motteke nytta framlegg til takst- og rabattsystem, som er noko justert justert for dei konsekvensar som råkar lokaltrafikken.

Fylkesrådmannen påpeika og at kommunane og i alle fall regionrådet har høve til å komme

med innspel til takst- og rabattsystemet seinare, i samband med årlege justeringar, som vert vedtekne av Stortinget.

Likevel er det frå Eidfjord kommune si side viktig å påpeike at lokaltrafikken framleis vert råka på ein slik måte at dette ikkje er akseptabelt. Det er sannsynleg at det i svært stor grad er lokaltrafikken som nyttar seg av dagens rabattordning på 50%. I tillegg er det grunn til å tru at ein vesentleg del av tungtrafikken vil finne andre kjøreruter dersom prisen vert så pass mykje høgare enn med dagens system.

Reforma i høve til omlegging av bompengestrukturen er ei nasjonal reform. Sal av aksjar til nytt regionalt bompengeselskap har det vore brei semje om i Hardangerkommunane og ei evt utsetting som fylgje av misnøye omkring takst- og rabattsystemet kan medføre negative konsekvensar for reforma, mellom anna i høve til statlege tilskot, der det er søknadsfrist 1.april. Det ligg og føre fylkeskommunale garantiar som kan verta utløyste dersom aksjeoverdragingane ikkje vert gjennomført, noko som kan få store økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen.

Eidfjord kommune stiller seg difor positive til sal av aksjar, men under klare føresetnader av at lokaltrafikken ikkje skal rammast, og at omlegginga ikkje medfører auka nedbetalingstid eller auke i takstar for å kompensere for ein evt. reduksjon i trafikk.

Når det gjeld fare for at eit nytt system skal medføre reduksjon i inntektene til Hardangerbrua viser ein elles til Fylkesutvalet sitt vedtak pkt. 7, som seier at det er ein føresetnad at inntektene ikkje skal verta reduserte som fylgje av omlegginga. Dette skal evaluerast eit år etter at endringane er innførte. Det må beskrivast korleis ein slik situasjon skal løysast utan at dette medfører auke i satsar eller forlenga nedbetalingstid.

Økonomiske konsekvensar:

Juridiske konsekvensar:

Miljømessige konsekvensar:

Personalmessige konsekvensar:

Konsekvensar for folkehelse:

Geir Underhaug
rådmann

Underhaug, Geir
sakshandsamar

Rett utskrift: